

Referat AT-møte 26.11.24

Kl. 12-14.00

Dei som møtte: Skare bs (HTV), Hauso, Vikebygd, Tyssedal, OUS, OB, Kinsarvik s, Jondal.

1. Lokallaget har fått facebookside: Utdanningsforbundet Ullensvang. Promoter, lik og del. Obs: Open side, så alle har tilgang til denne enn så lenge, medlem eller ei.
2. Jolehelsing frå lokallaget er på vei ut til arbeidsplassane. Kos dykk og et med måte 😊.
3. Omstillingsarbeid/strukturarbeid: Nedleggingsforslaga er lagt på is for i år, men det kan vera fornuftig å halde saka varm og ta vare på notat/planar. Nye forslag kan kome ved seinare høve frå adm./politikarar. Mykje mulig det vert tenestetilpasning grunna lågare elevtal o.l til neste budsjettår, så her må forbundet vera obs. på at det vert gjort etter boka.
4. Lokale forhandlingar: Litt informasjon frå HTV og nokre spørsmål frå AT'ane. Viktig at klubbane får uttale seg i forkant om kva prioriteringar forhandlingsutvalet skal ta i forhandlingane.
5. Nytt frå forbundet sentralt: Kamp mot [KS sitt utspel om lærarnormen](#) og ny logo i januar.
6. Lokallaget vårt er tekne med i eit pilotprosjekt starta av fylkeslaget. Temaet "Avvik, vald og truslar" skal jobbast med i 4 lokallag i fylket, forhåpentlegvis til hjelp og støtte for alle pedagogar i fylket.
7. Innspel frå AT: Mest mogleg likskap i skulane i kommunen vår:
 1. Inspeksjonstid: Her varierer det voldsomt i tida ein vert nytta til inspeksjon blant skulane. Det er vanskeleg å jobbe med dette sentralt, då det er mange lokale variasjonar, men dei som kjenner på at det er for mykje inspeksjon bør ha ein tankedugnad med kollegaene på korleis ein kan få tidsbruken ned og samtidig oppretthalde eit forsvarleg friminutt. Eit døme frå møtet: La ass. gå 10 min. før timen er slutt, for så å ta inspeksjon.
 2. Ansvar for vakter: Her meiner vi at det stort sett er skuleadm. som skal setje opp vakteerstatning når personell er på kurs/sjuk/avspaserer o.l. Ein skal ikkje ta att vakter ved slike tilfelle. Tips frå møtet: Skriv på melding om fråver/vikarplan e.l: *Hugs eg har vakt!*
 3. Vikaropplegg: Dei fleste skulane har forventningar til at dette vert gjort ved fråver. Me meiner at vikarar får betalt for for- og etterarbeid, og at det bør vere låge forventningar til kva arb.takar kan krevja når lærar er borte. Til dømes bør

det halde at ein viser til vekeplan eller at skulen lagar egne vikaropplegg som dei nyttar ved lærarfråver (pedagogiske spel, drilloppgåver i app, nytta Salaby & Skolen CDU, film, uteaktivitetar og mykje anna).

4. Ulik praksis ved oppstart og avslutningar i skulane: Her vart me einige om at det er lokale variasjonar, og det bør det vera, men dei må ikkje gi store fordelar til kvar enkelt skule.

8. Klubbane / skulane må vera obs på høyringane som omhandlar Ullensvangskulen. Be om at dei vert tekne opp i fellestid. Høyringsfrist er 18.12. Høyringsdokumenta er sendt ut til dykk 14.11.24.

Hugs å nytte disken vår til [tips og råd](#).

Takk for møtet og god jol!

PK